

Fra: Nils Inge Hitland (nils.inge@salmongroup.no)
Sendt: 02.04.2015 00:11:55
Til: Regionalavdelinga - Postmottak
Kopi: reidar.kallestad@online.no; fmhoava@fylkesmannen.no

Emne: Klage på avslag på tilskot til NyGiv i sauehaldet i Hordaland 2015-2016. Søknadsnummer: 2015-0037

Vedlegg:

Hei!

Vi viser til dykkar brev av 10. mars 2015.

Vi vil nytta oss av retten til å klaga på avslaget av RULL-midlar, søknadsnummer: 2015-0037.

Prosjektet NyGiv i sauehaldet i Hordaland starta i 2013. Vi har i begge dei to første åra hatt stor aktivitet. Vi ser no resultat av prosjektet, og vi ønsker å forlenga det med eit år.

Den første tida var vi usikker på om tilgjengelege midlar ville strekka til. Vi har ikkje tilsett nokon i prosjektet, og det meste vert utført som eigeninnsats frå HSG, FMHO, Nortura og Fatland.

Dette har gjeve høg og god aktivitet med eit relativt nøkternt budsjett.

Eit av hovudmåla med prosjektet var å få opp aktiviteten i lokallaga av HSG. Det er 30 lokallag fordelt rundt i heile fylket. Auka aktivitet her, vil føra til at effekten av prosjektet vil vara lenge etter prosjektperioden.

Vi ser at vi har lykkast og ønsker difor å halda oppe «trykket» for å sikra denne langtidseffekten. I dette ligg det og auka aktivitet i prosjektet, og derav trong for støtten som RULL-midlane vil gje.

Helsing

Hordaland Sau og Geit
Nils Inge Hitland
leiar